


2025-2037



## Innhald

1	Lovkrav.....	3
1.1	Forskriftskrav .....	3
2	Bustadar.....	3
3	Fritidsbustadar .....	4
4	Næring.....	4
5	Generell skildring av dei ulike tema i kommunen .....	4
5.1	Naturmiljø og naturmangfald.....	4
5.2	Jord- og skogbruk .....	6
5.3	Landskap.....	6
5.4	Kulturmiljø .....	6
5.5	Forureining og støy.....	6
5.6	Friluftsliv og rekreasjon .....	6
5.7	Barn og unge .....	7
5.8	Naturgjevne forhold .....	7
5.8.1	Rasfare .....	7
5.8.2	Flaumfare .....	7
5.8.3	Radon .....	7
5.9	Teknisk infrastruktur .....	7
5.10	Sosial infrastruktur .....	7
5.11	Næringsliv og sysselsetting.....	7
5.12	Universell utforming.....	7
5.13	Oppsummerande arealregnskap.....	7
6	Oversikt over ikkje konsekvensutgreidde endringar .....	8
7	Klimaeffekt.....	8
7.1	Bustadar .....	8
7.2	Fritidsbustadar.....	8

## 1 Lovkrav

Plan- og bygningsloven § 4-2 slår fast at kommuneplanar med retningslinjer eller rammer for framtidig utbygging som kan få vesentlege verknadar for miljø og samfunn, skal gje ei særskilt vurdering og skildring (konsekvensutgreiing) av planen sine verknadar på miljø og samfunn. Det blir slått fast i § 9, fjerde ledd at det skal gjerast ei samla konsekvensutgreiing for kommuneplanen sin arealdel. Ei slik KU er ei overordna skildring av planframlegget sine konsekvensar for miljø og samfunn. Samla verknadar kan skildrast som det totale «fotavtrykket» som innspel til endra arealbruk etterlet seg for relevante miljø- og samfunnsforhold.

### 1.1 Forskriftskrav

Forskrift om konsekvensutgreiingar forklarar vidare føringar for desse vurderingane. Kapittel 5 i forskrift om konsekvensutgreiingar med tanke på innhald og utforming av planforslag peiker på at konsekvensutgreiinga skal:

- Utarbeidast på bakgrunn av fastsett planprogram
- Vere tilpassa plannivå
- Vere relevant for avgjerder
- Ta utgangspunkt i kunnskap som ligg føre og evt. nødvendige oppdateringar av denne, men baserast på innhenting av ny kunnskap der det ikkje ligg føre kunnskap om viktige forhold.

Det er ikkje definert noko behov for ny kunnskapsinnhenting i planprogrammet, men lagt opp til at dette vil bli vurdert etter kvart, om prosess og arbeid avdekkjer eit slikt behov.

Eksisterande kunnskap og kunnskapsgrunnlag vil bli nytta.

Vidare skal konsekvensutgreiinga skildre verknadar for miljø og samfunn av:

- Nye område for utbygging
- Vesentleg endra arealbruk i eksisterande byggjeområde
- Strategiar for framtidig arealbruk

Konsekvensutgreiingane skal også gje ei vurdering av verknaden av dei samla arealbruksendringane.

Oppdatering av kommuneplankartet i samsvar med regulering vedtatt mellom to rulleringar av arealdelen omfattast ikkje av kravet til KU.

## 2 Bustadar

I vurdering av innspela til bustad er det lagt vekt på avstand til sosial infrastruktur. Planen legg ikkje opp til nytt areal for bustadar sør og midt i kommunen, men det er behov for bustadareal i

Beitostølsområdet. Det er eit ynskje om å utvide eksisterande bustadområde og ta i bruk nye areal.

Det er lagt til ei utviding av arealet nede ved Klyppemyrhaugen. Utbygging av bustadfeltet hadde ein «treig» start, men no er dei fleste tomtene selt og kommunen meiner det er behov for ei ytterleg utviding av bustadområdet for å sikre god tilgang til bustadar på Beitostølen.

Det er ikkje ynskje om å finne nye bustadområde på Beitostølen, men heller leggje vekt på å utvide dei som alt ligg inne.

Føreslåtte areal til bustadføremål vil ikkje ta for seg dyrka mark og i svært liten grad dyrkbar mark. Byggjegrænse til vassdrag vert vareteke gjennom føremålsgrenser og vil i LNFR-areal bli strengt praktisert. Planen legg ikkje opp til å auke bustadar i gul støysone, noko som vil bli vareteke gjennom reguleringsplan. Føreslått og eksisterande areal til bustadføremål er noko høgt i forhold til kva som vert bygd i snitt kvart år, men gjev dei som ynskjer å byggje større valfridom. Areal til bustadar er i hovudsak sett av i areal rundt eksisterande bustadfelt, i tråd med samordna areal- og transportplanlegging (ATP).

### 3 Fritidsbustadar

Øystre Slidre kommune har stor hyttereserve og fleire mellomstore og store hytteområde i kommunen. Kommunen har pr. dags dato ein arealbank som gir plass til over 2700 nye fritidsbueiningar.

Det er i utkastet som skal på høyring lagt fram forslag om å take ut store areal for fritidsutbygging, særleg i Gravfjellsområdet. Det er teke ut område knytt til myr og andre naturkvalitetar og areal som har vore inne over lengre tid og som ikkje er teke i bruk til utbyggingsføremål. Det er også føreslått og å ta inn nokre nye areal for fritidsutbygging. I sum vil arealbanken bli monaleg redusert, noko som og varetek nasjonale mål og omsyn.

### 4 Næring

Det har i lengre tid vore behov for meir næringsareal i heile kommunen, både b- og c-næringsareal. Vidare er det i utkastet lagt opp til ei utviding av arealet ved Raudbrøtmoen. Det er også lagt inn noko nytt næringsareal heilt sør i kommunen. Kommunen ynskjer ikkje å tilbakeføre noko næringsareal til LNFR og held fram med eksisterande areal i tillegg til nye areal.

## 5 Generell skildring av dei ulike tema i kommunen

### 5.1 Naturmiljø og naturmangfald

Utbyggingsområda er lagt til areal der det ikkje er regionalt viktige naturtypar eller raudlista artar. Omsyn til vilt er teke med i vurderingane. Det er undersøkt om områda er i konflikt med myrområde. Der det er relevant har det også vore undersøkt om utbygging vil bidra til å redusere inngrepsfrie område (INON). Innspel er vurdert med omsyn til vassdrag.

Vurdering etter naturmangfaldlova – desse vurderingane er gjort i samband med siling av innspel. Innspel som kommunen er positive til er vurdert etter NML.

Etter naturmangfaldlova § 7 skal det i ei konsekvensutgreiing også vurdere endringane etter §§ 8 -12:

§ 8 *Kunnskapsgrunnlaget*: Det skal gå fram kva som eksisterer av naturmangfald. Vitskapleg kunnskap om artar sin bestandssituasjon, naturtypar si utbreiing og økologisk tilstand. Kravet til

kunnskapsgrunnlaget skal stå i rimeleg forhold til saka si karakter og risiko for skade på naturmangfaldet.

Me meiner å ha tilstrekkeleg kunnskap om naturverdiane i områda som det er foreslått arealbruksendringar på. Det er gjort DOK-analyser og sjekka ut artar opp mot Artsdatabanken. Me meiner det ikkje er gjort registreringar som er i konflikt med endring av arealbruken. Difor meiner me det ikkje er naudsynt å innhente ny kunnskap om dette. Kunnskapsgrunnlaget vurderast difor som godt nok. Der det ikkje er kartlagt krev me naturkartlegging før regulering.

**§ 9 Føre-var-prinsippet:**

Når det vert gjort vedtak utan at det føreligg tilstrekkeleg kunnskap om kva verknader det kan ha for naturmiljøet, skal det takast sikte på å unngå mogleg vesentleg skade på naturmangfaldet. Føreligg det ein risiko for alvorleg eller irreversibel skade på naturmangfaldet, skal ikkje mangel på kunnskap nyttast som ei grunngeving for å utsetta eller unnlata å gjere tiltak.

Mogleg forstyrring av naturmiljøet vurderast til å vere liten og at ein har tilstrekkeleg med kunnskap om kva verknadar endra arealbruk vil ha å seie for naturmangfaldet i dei områda det gjeld. Der det føreligg tvil, skal det gjerast kartleggingar.

**§ 10 Økosystemtilnærming og samla belastning:**

Ein påverknad på økosystemet skal vurderast ut frå den samla belastninga som økosystemet er eller vil verte utsett for.

Gjennomføring av aktuell arealendring vil ikkje påverke dei ulike økosystema i kommunen i spesiell grad.

**§ 11 Kostnader ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshavar:**

Tiltakshavar skal dekke kostnadane ved å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet som tiltaket kan føre til, dersom dette ikkje er urimeleg ut frå tiltakets skade og karakter.

Arealdelen gir ikkje moglegheit til å direkte gå vidare med tiltak. Det skal likevel utarbeidast reguleringsplanar og/eller søkast om løyve for tiltak.

**§ 12 Pålegg om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar:**

For å unngå eller avgrense skader på naturmangfaldet skal det i utgangspunktet i slike driftsmetodar og slik teknikk og lokalisering som ut frå ei vurdering av tidlegare, noverande og framtidig bruk av mangfaldet og økonomiske forhold, gjev dei beste samfunnsmessige resultat.

Ei endring av arealformål og seinare utbygging kan gjennomførast med miljøforsvarleg teknikk og driftsmetodar.

Etter kommunen sitt skjønn føreligg det ikkje konflikhtar mellom planforslaget og dei omsyn ein skal ta i samsvar med naturmangfaldslova. Dei miljørettslege prinsipp for offentleg beslutningstaking etter naturmangfaldslova vert sett på som oppfylt.

## 5.2 Jord- og skogbruk

Det er lagt stor vekt på å varetake dyrka og dyrkbar mark. Dei nasjonale jordvernmåla blei også stramma inn i 2021. I vurderinga har det vore sett på om dyrkbare flater i innspel er del av større samanhengande dyrkbare flater. Dyrkbar mark i fjellområda er lite vektlagt då dette er areal med liten verdi med tanke på matberedskap grunna transportavstandar og at potensialet er grovfôr, med hovudsakleg berre ein slått.

## 5.3 Landskap

Vi har nytta hellingskart for å vurdere landskapsverknader. Vi vurderer det slik at dei nye areala som er kome med, ikkje ligg eksponert i landskapet. Det er heller tatt ut ein del marginale areal som hadde vore synlege viss dei hadde framleis vore med. m.a. i Gravfjellsområdet. Landskapsbilete blir betre vareteke for framtida også med tanke på føresegn som i større grad tek vare på innsyn, med tanke på farge, vinklar osv., likevel blir dette i størst grad regulert gjennom reguleringsplan og byggesak. Nokre plassar har vi utvida bruken av omsynssone landskap (H550), slik at dette i framtida blir i større grad vektlagt i sakshandsaminga.

I nokre innspel er kvardagslandskapet teke fram for å syne viktigheita av området i kvardagen.

## 5.4 Kulturmiljø

Det er mange kulturminne og -miljø i kommunen, dei viktigaste blir godt vareteke. I framtidige byggjeområde må det til ei avklaring gjennom reguleringsplan eller søknad til fylkeskommunen. Det er berre ein stad kommunen openbart er i konflikt med eit kulturminne. Det er ved

Klyppemyrhaugen, der me i forslag til ny KPA ynskjer å regulere om eit større areal frå bandlegging av kulturminne til bustadområde.

## 5.5 Forureining og støy

For næringsareal vil lover og forskrifter varetake omsyn til forureining ved detaljregulering, utbygging og drift. Kommunen har eige støysonekart som temakart. Alle innspel og endringar er vurdert opp mot dette. Det er minimalt med areal som er innanfor støysonene, og grunna typen areal (næring, C-areal), vert dette vurdert som ikkje relevant.

## 5.6 Friluftsliv og rekreasjon

Dei nye utbyggingsareala er i hovudsak knytt til eksisterande busetnadar, hytteområde og næringsareal. I vurderinga av nye areal og liknande innspel har det mellom anna vore lagt vekt på å ikkje stenge for stiar og ferdselsårer.

## 5.7 Barn og unge

Det er ikkje gjort barnetråkkregistreringar, men i konsekvensutgreiinga er det undersøkt om områda er i konflikt med stiar og andre område som vert nytta til friluftsliv. Det er ikkje kjennskap om konflikt mellom desse behova. Barn og unge sine interesser er også sikra gjennom krav til å etablere leikeareal i framtidige bustadfelt. Vidare blir planar og tema knytt til barn og unge tatt opp med ungdomsrådet i kommunen gjennom ungdomskontakten og vidare kjem dei med innspel/uttale der dei meiner det høver seg.

## 5.8 Naturgjevne forhold

### 5.8.1 Rasfare

Dette har blitt vurdert i ROS-analysen

### 5.8.2 Flaumfare

Dette har blitt vurdert i ROS-analysen

### 5.8.3 Radon

Kunnskapen om radon er ikkje tilfredsstillande. Vurderingane har i hovudsak gått på å undersøke om areal ligg på registrerte lausmasser etter NGU sitt lausmassekart. Det er ikkje kjennskap til høge radonverdiar for nokre av dei nye utbyggingsområda, men vi tilrår i alle byggjesaker å byggje med radonduk, særskilt bygg med fast opphald.

## 5.9 Teknisk infrastruktur

Kapasitet på vatn og avlaupsnett er ikkje tilfredsstillande pr. dags dato, men det blir aktivt arbeid med å få bygd nytt reinseanlegg ved Nedrefoss. Nytt reinseanlegg vert dimensjonert for 25 000 p.e., slik at det også kan ta toppane som er særleg i påsketider og elles ha svært god kapasitet. I enkelte område, særleg bak utbyggingsgrensa, vil det ikkje kome offentleg vatn- og avlaupsnett og her gjeld retningslinjer og føresegner for spreidd avløp.

## 5.10 Sosial infrastruktur

Barnehage, skule, helse, offentlege tenester og andre tenester er i hovudsak knytt til fylkesveg 51. Det er klare føringar på at verken nyetablert bustadfelt eller etablering av nye sosiale/offentlege tenester skal ligge lenger vekk frå andre tenester og andre bustadområde enn 1,5 km.

## 5.11 Næringsliv og sysselsetting

I gjeldande planar er det nesten ikkje ledig næringsareal. Det er lagt inn næringsareal ved utviding av næringsområdet ved Raudbrøtmoen, og noko nytt næringsareal andre plassar. Med desse nye areal bør det vere godt dekkja for vidare næringsutvikling i kommunen.

## 5.12 Universell utforming

Fysisk planlegging gjev svært viktige rammer for å sikre god tilrettelegging for alle. Tek 17 set viktige

rammer for universell utforming av nye bygg og nye uteområde. Dette blir omtala meir i planskildringa og ha føresegn knytt til seg. Det er likevel utfordrande då det er gjort mykje «feil»/mindre god tilrettelegging tilbake i tid, som tek lenger tid å få retta opp i.

## 5.13 Oppsummerande arealregnskap

Dette blir omtala i planskildringa.

## 6 Oversikt over ikkje konsekvensutgreidde endringar

Ein del arealmessige endringar er ikkje utgreia i konsekvensutgreiinga. Det gjeld arealendringar som ikkje er konsekvenspliktige fordi:

- Dei legg ikkje til rette for nytt utbyggingsformål
- Endringa skjer som følge av godkjente reguleringsplanar
- Dei endrar ei omsynssone utan tilknytning til utbygging
- Endringa har som mål å sikre eller tilbakeføre eit/fleire område til LNFR.
- Endringa omfattar ei tilpassing av formålsbruk mellom gamle planar og gir ikkje noko reell endring i utbyggingspotensialet.

## 7 Klimaeffekt

Klimaomsyn ligg til grunn for mange av vala vi har gjort knytt til areal og føresegn.

### 7.1 Bustadar

Nye bustadområde er basert på kriterium satt i planprogram til arealdelen. Dette skal redusere transportbehovet i nokon grad. Men Øystre Slidre er ein distriktskommune med dårleg kollektivtilbod og lange avstandar som gjer det utenkeleg at bilen ikkje skal vere til stades i kvardagen.

### 7.2 Fritidsbustadar

Klimaomsyn er ein av årsakene til at nye fritidsbustadar er lokalisert nær eksisterande infrastruktur og at ein legg til rette for fortetting i staden for å ta i bruk nye område. Å lata vere å take i bruk nytt område vil bidra til at utslepp av klimagassar ikkje aukar.

Utbygging av fritidsbustadar, som det er mykje av i Øystre Slidre, er i utgangspunktet ikkje klimavennleg. Sjølve bygginga, teknisk infrastruktur, frakt til og frå og oppvarming av hyttene bidreg til utslepp. Persontransporten til og frå hytta står truleg for det største bidraget. I eit slikt perspektiv burde ein berre tillate konsentrert utbygging tett inntil stader med eit godt kollektivtilbod og fjernvarme. Beitostølen er plassen i Øystre Slidre som har denne typen potensial.

Standard på hyttene har også noko å seie for klimaet. Ei høgstandard hytte med straum, veg, vatn og avlaup bidreg til langt større utslepp enn ei enkel, eldre hytte, men hytter med høg standard blir som regel brukt av fleire og oftare.

Gjennom arbeidet med Klima+ ynskjer me å omstille hyttenæringa, der me mellom anna ser på lokalisering og omfang av utbyggingsområda, byggjematerialar, isolasjon, energiberar, bruk av bygningane m.m. Føresegna til arealdelen prøver å gje nye føringar for denne typen spørsmål.